



Torsdag føremiddag klarte vi å samla 14 frå siddis-byen. Men nokon var på tur og fleire kjem! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen har mange ein kan kalla stamgjester som vi set overmåte stor pris på. Ein av gjestegruppene er det ein kan kalla Stavanger-gruppa. No er den på plass att og har det fint i Øyro Marina.

Gruppa har vore å finna i denne hamna i fire-fem dagar i minst 15 sommarferiar. Ein kan nesten stilla klokka etter dei, for dei kjem alltid midt i juli!

Etter opphaldet hos oss går turen vidare innover fjorden - til Sundal i første omgang og med Norheimsund som endepunkt. Men dei kjem gjerne innom Uskedalen når dei er på tur utover att.

'Invasjonsstyrken' frå siddis-byen består av seks 'båtlastar' med familiene Helgesen, Tharaldsen, Eltervåg, Tveita/Schei og og Petterson.

Då uskedalen.no var innom Øyro torsdag var 17 frå fem båtar på plass og den siste båten var venta i løpet av dagen.

Tre av familiefedrane - Pål, Finn og Gunnar - er barndomskameratar. Dei har til og med eit band saman som sørger for musikken også under opphaldet i Uskedalen!

Gruppas talsmann Gunnar Helgesen (som tilfeldigvis bur i Sandnes) har svaret klårt når vi spør kvifor dei har Uskedalen og Øyro og ikkje til dømes ein stad i heimfylket Rogaland som feriebase:

- Vi drar inn i Ryfylke-fjordane i helgane, men om sommaren går ferda alltid til Hordaland. Og Uskedalen og Øyro Marina sviktar vi aldri.

Vi har eit kjempekjekt forhold til Egil, som gjev oss utmerket service. Her kjenner vi oss alltid velkomne.

Skal eg ta fram andre positive faktorar må eg nemna den gode butikken og at Vertshuset er i drift att. Det var djupt sakna i dei åra det var stengd.

Turstilbodet er også flott. Ungdommane våre var i fjor til topps på Englafjell og over breen frå Sunndal til Odda.

Og apropos ungdommar: Dei har vore med oss her sidan dei var heilt små, men grunna praktiske gjeremål er det ikkje så greitt for dei å bli med båtane til Uskedalen lenger.

Men då dukkar dei opp pr. bil og er saman med oss nokre dagar likevel, fortel Gunnar som ikkje har noko å klaga over i Uskedalen.

- Men underhaldningstilbodet er vel så som så?
- Viss vi saknar noko, kan vi berre ta bussen til Husnes eller Rosendal.

Av Ola Matti Mathisen